



Hordaland Fylkeskommune

09 MAR 2016

Voss, den 8. mars 2016

Fylkesdirektør Per Morten Ekerhovd
Kultur- og idrettsavdelinga
Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

YNSKJE OM EIT SNARLEG MØTE

Som kjent har Orkesteret Fossegrimen sidan hausten 1981 fungert som eit regionalt symfoniorkester for indre kommunar i Hordaland med sete på Voss. Som eit regionalt kulturtiltak har orkesteret kvart år sidan 1986 motteke driftsstønad frå Hordaland fylkeskommune, gradvis stigande til kr. 211.000,- i 2015. Denne driftsstønaden, som nå utgjer omlag $\frac{1}{4}$ av orkesteret sitt driftsbudsjett, har vore heilt avgjerande for Fossegrimen sin aktivitet og utvikling.


I 2015 vart det vedteke ei ny ordning med 3-årig fylkeskommunal driftstilskot, med oppstart frå og med 2016, ei ordning som rett nok skal opp til ny politisk handsaming i Fylkestinget ein av dei første dagane.

Etter vanlege søknadsprosedyrar har Fossegrimen nå heilt overraskande fått avslag om fylkeskommunal driftsstønad for 2016 og for dei neste to åra. Dette avslaget, som er gitt utan noko form for forvarsel eller signal og som vert meldt først etter nesten to månader ut i driftsåret, er dramatisk for Fossegrimen og er ein alvorleg trugsel mot orkesteret sin vidare eksistens. Dersom driftsbudsjettet vårt såleis må reduserast med omlag 25%, kan ikkje orkesteret halda fram som før. Dette vil få store konsekvensar for orkesterdrifta, m. a. også for vår medverknad i distriktsmusikarordninga.

Vi tillet oss difor å be om eit møte så snart som mogeleg for å drøfta den vanskelege stoda som orkesteret er komen i.

På førehand takk.

Venleg helsing
Orkesteret Fossegrimen,


Peder Ringdal
Styrelseiar